



Arkoconsult AS  
PB. 103  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1374 - 16/18855

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
01.07.2016

## Løyve til etablering av infrastruktur og støyskjerm - gbnr 137/188 Alver.

**Administrativt vedtak. Saknr: 335/16**

**Tiltakshavar:** Bustad & Eigedom AS  
**Ansvarleg søkjar:** Arkoconsult AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av infrastruktur og støyskjerm innanfor regulert område på gbnr 137/188.

Infrastruktur omfattar opparbeiding av VVA (veg inkludert avkjørslar, vatn og avløp), leikeområde, plass for buss og post og parkeringsareal. Støyskjerm er omsøkt i eiga sak, jf arkivsak 16/1171, men ein har funne det føremålstenleg å handsama søknadane felles.

Det vert vist til søknad om etablering av støyskjerm mottatt 05.04.2016 og søknad om etablering av infrastruktur mottatt 20.04.2016. Supplerande dokumentasjon er mottatt 09.06.2016.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggskumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 11.05.2016. Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søkjar 09.06.2015.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 13.06.2016 (vedtaksdator for godkjend VA-rammeplan) og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

#### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område som er omfatta av reguleringsplanen for Alverflaten gbnr 137/188 med arealplan-ID 1263-201111.



Rekkefølgekrav i plan:

Det er i vedtak datert 23.06.2016 gitt ferdigattest for tiltak som gjeld masseutskifting av delar av området. Kommunen legg til grunn at ferdigstilt masseutskifting stettar rekkjefølgekrava som er sett i punkt 1.4.6 og 1.4.7 i føresegnene til planen.

Universell utforming:

Kommunen legg ansvarleg søkjar si utgreiing til grunn og vurderer at krava til universell utforming er oppfylt, jf punkt 2.4 i føresegnene til planen.

Dispensasjon

Det er i vedtak datert 05.04.2016 gitt dispensasjon frå kravet om utbyggingsavtale, jf punkt 1.5.1 i føresegnene til planen.

Tiltaket krev ikkje ytterlegare dispensasjon.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i revidert situasjonsplan datert 06.06.2016.

Tiltaket er plassert innafor byggegrense i plan.

Høgdeplasseringa går fram av innsend dokumentasjon.

### **Vatn og avløp (VA)**

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal utførast i samsvar med VA-rammeplan godkjend i vedtak datert 13.06.2016.

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Avkjørsle til offentlig veg følgjer av godkjent reguleringsplan.

### **Terrenghandsaming**

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## **VURDERING**

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

### **Nabomerknad**

Ingen nabomerknader ligg føre.

### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner denne slik det er søkt om.

Kommunen legg gjennomføringsplanar datert 05.04.2016 som gjeld støyskjerm og 20.04.2016 som gjeld infrastruktur, og innsende erklæringar om ansvarsrett til grunn for tiltaket. Då tiltaka er handsama i felles søknad bør det sendast inn samla gjennomføringsplan for begge tiltaka ved søknad om ferdigattest.

## **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av infrastruktur og støyskjerm på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal plasserast som vist i revidert situasjonsplan datert 06.06.2016, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaksklasse vert godkjend slik det er søkt om, SAK § 9-3.
3. Tiltaket skal utførast i samsvar med VA-rammeplan godkjend i vedtak datert 13.06.2016.
4. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg. Veg og avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med godkjent reguleringsplan.
5. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggja føre:
  - Rekkjefølgjekrav i planen skal vera oppfylt
  - Faktisk plassering av tiltaket skal vera målt inn, og koordinatar sendt kommunen

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

